



Sakshandsamar:

Gro Hovland
E-post: Gro.Hovland@sfj.no
Tlf.: 48030348

Vår ref.

Sak nr.: 16/8145-45
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

41791/19

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 16.08.2019

Notat

Til: Hovudutval for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Psykisk helse - Oppfølging av handlingsprogram for mål og strategiar

1. Bakgrunn for notatet

Fylkesdirektøren for opplæring viser til vedteke mål og strategidokument, «Mot nye høgder», og tilhøyrande handlingsprogram, der psykososialt læringsmiljø er ei av satsingane i vidaregåande opplæring.

Hovudutval for opplæring og fylkesdirektøren har saman med dei vidaregåande skulane gjort psykisk helse til eit viktig satsingsområde, og har ei eiga stilling som arbeider med:

- kompetanseheving av alle som er i direkte kontakt med ungdomen
- å etablere gode, trygge og føreseielege strukturar
- tverretatleg arbeid omkring ungdom si psykiske helse

Med dette notatet ynskjer fylkesdirektøren å gje hovudutvalet ei løypemelding på kva arbeid som er gjort, erfaringar ein har hausta, status og aktuelt arbeid vidare.

Handlingsprogrammet - arbeid med psykisk helse	Tiltak	Erfaringar	Status	Aktuelt arbeid vidare
Kompetanseheving av alle som er i direkte kontakt med ungdomen	<p>Kompetanseheving</p> <ul style="list-style-type: none"> - Merkantilt personale - Assistentar - Driftsteknikarar - Reinholdarar - Faglege leiarar i opplæringskontora <p>Innhald: Godt psykososialt læringsmiljø, aktivitetsplikta i §9a, helsefremjande faktorar, kjenneteikn på psykiske helseplager.</p>	<p>Opplæringa har vore godt mottekne og fleire har sagt at det har vore nyttig og få heva kunnskapen og verdien av trivselsfremjande faktorar. Mange har ikkje vore bevisst nok si rolle og sin verdi for å skape ein trygg og god skulekvardag/arbeidskvardag for elevane og lærlingane.</p> <p>Det er nyttig å bli bevisstgjort at grunnsynet, eit godt psykososialt læringsmiljø, er alle sitt ansvar.</p>	<p>Gjennomført med nemnde yrkesgrupper. Trenng jamleg oppfølging.</p>	<p>Fortsetje med fleire yrkesgrupper, t.d. helsesøster, bibliotekar, kantinepersonale osv.</p>
	<p>Temadag fag- og yrkesopplæring 27.februar 2019.</p> <p>Tema: Elevar og lærlingar får kunnskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg ved å utvikle seg i gode psykososiale læringsmiljø. Skriv og meldingar HO 8/19 - 6.</p>	<p>Eit aktuelt og viktig tema der alle deltok aktivt i arbeidet med å kartlegge kva vilkår som må ligge til grunn for å skape eit godt psykososialt læringsmiljø for elevar og lærlingar.</p> <p>Oppsummering av gruppearbeidet er skissert i tabellform og ligg som vedlegg.</p>	<p>Gjennomført. Bør vidareførast.</p> <p>Endring av organisering og gjennomføring av læringsamlingar bl.a. på bakgrunn av denne temadagen. Sjå om læringsamlingar nedanfor.</p>	

Handlingsprogrammet - arbeid med psykisk helse	Tiltak	Erfaringar	Status	Aktuelt arbeid vidare
Å etablere gode, trygge og føreseielege strukturar	<p>Leiarsamling for rektorar og mellomleiarar 9. og 10. april</p> <p>Tema 10. april var psykososialt læringsmiljø.</p> <p>Innhald:</p> <p>Presentasjon av</p> <ul style="list-style-type: none"> - tiltaka Nærværsteam v/ MOY og Drømmeskolen v/ elevar frå Firda vgs. - førebelse resultat frå forskingsprosjektet Complete v/prosjektleiar Torill Larsen <p>Personleg historie</p> <ul style="list-style-type: none"> - stress og press, eigne erfaringar fortalt av elev frå Måløy vgs <p>Å vere ein kompetent vaksen</p> <ul style="list-style-type: none"> - arbeid i grupper skulevis 	<p>Elevane sine bidrag tydeleggjorde at tiltaka er viktig for å auke trivselen og samholdet på skulen. Det vart også framheva at det er viktig med kompetente vaksne i elevane sitt arbeidsmiljø.</p> <p>Eleven si stemme er den viktigaste stemma for arbeidet med psykososialt læringsmiljø. For det første er det dei som kjenner kor skoen trykker, og for det andre er det dei som kan gi råd om verknadsfulle løysingar slik at skulen blir ein god og trygg plass å vere for alle.</p>	Gjennomført. Vidare arbeid med psykososialt læringsmiljø skjer skulevis.	
	<p>Kurs for leiarar og instruktørar i lærebedrifter</p>	<p>Erfaringar og tilbakemelding frå opplæringskontora seier at instruktørar etterspør kompetanse om å ivareta alle lærlingane si psykisk helse, og legge til rette for god trivsel.</p>	Ikkje sett i gang.	Arbeidet er under planlegging.

Handlingsprogrammet - arbeid med psykisk helse	Tiltak	Erfaringar	Status	Aktuelt arbeid vidare
Å etablere gode, trygge og føreseielege strukturar, framhald	<p>Prosjekt SEFF; Styrke - Erfaring – Fellesskap – Framtid (tidlegare SETT-HØYRT-SPURT) Tiltak for ungdom utanfor opplæring og arbeid, initiert og finansiert av Udir. Skriv og meldingar HO 2/19 - 3</p>	I prosess.	<p>Start måndag 19. august 2019.</p> <p>Fortløpande evaluering og rapportering til Udir.</p>	
	<p>Complete forskning på psykososiale tiltak for å auke gjennomføring. Skriv og meldingar HO 14/18 - 5.</p>	<p>Complete-prosjektet blir avslutta og evaluert hausten 2019. Sluttrapport desember 2019.</p> <p>Tilbakemeldingar frå skulane som nyttar Drømmeskolen sine opplegg er berre positive.</p>	<p>Forskinga er gjennomført med tiltaket <i>Drømmeskolen</i> ved Eid og Hafstad vidaregåande skular, og <i>Drømmeskolen</i> og <i>Nærværsteam</i> ved Mo og Øyrane. Firda vidaregåande skule har vore kontrollskule.</p> <p>Drømmeskolen er også etablert ved Firda, Måløy og Stryn vidaregåande skular.</p>	Alle skulane som har etablert tiltaka vidarefører dei.

Handlingsprogrammet - arbeid med psykisk helse	Tiltak	Erfaringar	Status	Aktuelt arbeid vidare
Å etablere gode, trygge og føreseielege strukturar, framhald	<p>Læringsamlingar Samlingar på dei vidaregåande skulane som har yrkesfaglege programområde. Målet er at det skal bli lettare for lærlingen å nytte skulen sine tilbod, etablere nettverk, venner og få ei meningsfull fritid.</p>	<p>Erfaring og tilbakemelding frå opplæringskontor, bedrifter og lærlingane tilseier at det behov for å etablere møtepunkt og fellesskap for lærlingar, spesielt for dei som bur på hybel. Ein slik møtepunkt kan vere med å etablere kontakt mellom elevar og lærlingar, og kan hindre einsemd og utvikling av psykiske helseplagar. Auka trivsel kan få endå fleire til å fullføre læretida si.</p> <p>Det sosiale samspelet og det å kunne vere saman med jamaldrande er viktig, også utanfor arbeidstida.</p>	Start hausten 2019 med påfølgjande evaluering.	Arbeid vidare blir vurdert ut frå evalueringa.
	<p>Læringsloop om fagfornyninga Lærarar frå dei vidaregåande skulane samlas for å etablere ein læringsloop der «Mot nye høgder» og fagfornyninga er utgangspunkt for utvikling og nyskaping. Læringsloopen utfordrar etablerte tankemønstre, bryte innarbeidde arbeidsformer og skape ny praksis i klasserom og</p>	<p>Erfaringar og tilbakemeldingar frå skulebesøka, skulevurderinga og elevundersøkingar seier at elevane etterspør meir variasjon, aktivitet, relevans og tilbakemelding frå lærarar. Elevane ynskjer ei undervisning som er meir praktisk retta.</p>	Start september 2019.	Spreiing av metodar på alle vidaregåande skulane.

	verkstad.			
Handlingsprogrammet - arbeid med psykisk helse	Tiltak	Erfaringar	Status	Aktuelt arbeid vidare
Tverretatleg arbeid omkring ungdom si psykiske helse	Etablert kontakt med Helse Førde for å samhandle om elevar med ulik grad av psykiske helseproblem.	Erfaring og tilbakemelding frå skulane at det er behov for ei kommunikasjonslinje om elevar som er i behandling i Helse Førde <ul style="list-style-type: none"> - fråværsproblematikk og fritak for vurdering - kommunikasjon mellom skule og BUP om elevar som er i behandling 	Gjennomført, ikkje fullført.	Etablere samarbeid med rettleiingstenester.

Det er vesentleg at kompetente vaksne arbeidar kontinuerleg med det psykososiale læringsmiljøet for å gi elevane og lærlingane våre den beste opplæringa.